



Gotfred Bakke har ordna dør på sjøsida. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Byggmeister Gotfred Bakke gjer ein del naudsynt vedlikehald på Bygdetunet Rød og Bøkkerverkstaden for tida

Dette gjeld mellom anna sikring av tak og forsterking av slåket på kverna.

Det må elles gjerast eit grundig arbeid med tetting av dammen som fører vatnet inn i slåket. Vatnet renn i grunnen og berre ved stor nedbør og flaum i Rødsbekken er det nok vatn til at kverna sviv.

Etter brannsyn vert det sett inn ei dør i Bøkkerverkstaden mot stranda. Den kan fungera som ein naudutgang og vil høva betre eksteriørt enn det store vindauga som har vore der til no. Dette er ei lita sjøbudør lik den som er i 2. høgda.

Likeins vert det glaset som mangla på ein av arbeidsplassane, sett på plass. Med dette arbeidet er fronten på Bøkkerverkstaden ført tilbake til det som ein gong var når sjøbua var i bruk.

Det er Andreas Øye (delvis frå Eidsvikjo) som skal ha jobben i sommar med slåkten inne på tunet og på området rundt.

Gotfred Bakke er no 75 år og har halde det gåande som snikkar sidan 1952. Men framleis er han sprek og er ikkje minst ofte å sjå på taka i Uskedalen.

Leggjing av skifertak er ein av hans spesialitetar.

- Skiferen var meir eller mindre ute men kom attende og då vart det trong for ekspertisen til Bakke.
- Men eg jobbar berre halv dag, seier han.

Av Kristian Bringedal og Ola Matti Mathisen



Bøkkerverkstaden blir no opprusta. (Foto: Ola Matti Mathisen)